

CD

Telemark kammerorkester

«Passione»

Verk av Haydn, Elgar og Mozart

Med Lars-Erik ter Jung (dirigent),

Ingrid Andsnes (piano)

Fabra 2010

Personleg klassisisme

Telemark kammerorkester har eksistert sidan 1992, og har verksemd i Telemarksområdet, ofte med ny musikk på programmet. På den første plata si dokumenterte dei deler av arbeidet sitt med å tinga verk av norske komponistar. Med denne utgjevinga presenterast standard stoff som ensemblet òg har kjensle for.

Fellesnemnaren er pasjonane; emosjonar som i all hovudsak kling elegante. Både Haydn sin symfoni 49 «Passione» og Mozart sin piano-konsert nr 12, byd på langt meir subtile uttrykksformer enn kva ein forbind med sterke kjensleutbrot i dag, og den stilfulle innkransinga av det affekterte er fascinerande lytting. Òg Edward Elgars kjende «Serenade for strykarar», av nyare dato, føyer seg fint inn i eit slikt bilete. Den pasjonerte og mykje melankolske stemninga her korresponderer med fortida gjennom den danseaktige rytmiske framdrifta, med hint av wienerklassisk, klår struktur.

Kammerorkesteret spelar moderne instrument, i Haydn-stykket er dei moderne instrumenta kopla med cembalo. Ei utfordring både her og i Mozart-konserten er dermed at utførsla lett kan klinga for tungt. Eg har då òg høyrte innspelningar av begge stykke med lettare og meir distinkte preg enn dette. Likevel fungerer tolkingane etter min smak: Det romantiske tilsnittet vert jamvel det fordelaktige ved Ingrid Andsnes sitt framlegg som klaversolist i Mozart, sidan Andsnes med dette så tydeleg lukkast i å la fraseingane sine bli personlege.

I opptaka høyrer ein godt dialogane, òg den geografiske plasseringa i ensemblet. Ein høyrer enkeltmusikarane, ofte kvar for seg, og det hender eg tenkjer at mikrofonane står hakket for tett inntil, så samklangane ikkje får rom til å blanda seg. Men som regel er inntrykket sjarmerande ekte – nok ein gong som teikn på at ensemblet òg har rom for individet.

IDA
HABBESTAD

